

## REFERAT FRÅ MØTE I SU VED VESTBYGD SKULE 16.11.17

Desse var til stades:

Ann-Magritt Manger (FAU), Ann-Mari Spjeld(lærer), Jannicke Falke(lærer), Leif Johnsen(ULK), Henrik Borgen Træet(elev), Rolf Inge Fyllingsnes(rektor)

Sak 1: Konstituering: Ann-Magritt Manger, leiar

Jannicke Falke, nestleiar

Rolf Inge Fyllingsnes, sekretær

Sak 2: Informasjon frå rektor:

-Skulen har denne hausten 200 elevar. Dette er det høgaste elevtalet nokon gong ved skulen. Denne hausten fekk vi fire elevar frå Syria, og medelevane har vore flinke til å inkludera dei både i klassemiljøet og i friminuttane.

-Også dette skuleåret har vi spesielt fokus på realfaga som ledd i kommunen sin Real FAGstrategi og at Meland er ein realfagskommune.

-Skulen har dette året hatt tilsyn på inneklima og reinhald. Det vart gjennomført luftmålingar av alle klasserom og skulen blei godkjend med klar margin. Når det gjeld reinhald blei det pålegg om reinhald av såkalla høge flater: t.d. vegger/tak gymsal, mediatek.

Sak 3: Rektor informerte om ny §9a i Opplæringslova.

Sak 4: Skulemiljøet.

Det blei stilt spørsmål om skulemiljøet i friminutta. Det var semje om at det var viktig å halde på Trivselsleiarordninga(TL). Viktig med ulike aktivitetstilbod i friminuttet. Rektor informerte litt om korleis skulen følgjer med i friminutta, og ein er spesielt merksam på elevar som går åleine. Då tar den vaksne kontakt for å sjekke ut om det er noko spesielt.

Sak 5: Eventuelt:

FAU tok opp ordninga med leksehjelp. Dei ønskjer at leksehjelpe blir flytta oppover på trinna. Rektor stadfesta at skulen vil sjå på dette og evt gjere endringar frå skuleåret 2018/2019.

Rolf Inge Fyllingsnes

Referent